

Til elevar og føresette

Informasjon om vaksinasjon mot HPV (humant papillomavirus)

Vaksine mot humant papillomavirus (HPV) er eit tilbod til elevar i 7. klassetrinn. Føremålet er å førebyggje kreft som er forårsaka av viruset. HPV smittar lett ved seksuell kontakt, og dei aller fleste får ein HPV-infeksjon i løpet av livet.

I dei fleste tilfella går ein HPV-infeksjon over av seg sjølv i løpet av nokre månader. Av og til kan viruset likevel gi ein langvarig infeksjon, som i sjeldne tilfelle kan føre til forstadium til kreft og kreft. HPV-relatert kreft kan råke alle, uavhengig av kjønn. Den vanlegaste kreftforma som er forårsaka av HPV er livmorhalskreft, men HPV er også ei vanleg årsak til kreft i endetarm (anus), munn og svelg, i tillegg til kreft i skjede, kjønnslepper og på penis. HPV-vaksinen kan verne mot desse kreftformene.

HPV-vaksine verkar førebyggjande og gir best vern når den blir gitt til barn/unge før dei blir utsette for smitte. Derfor får barn tilbod om HPV-vaksine som ein del av barnevaksinasjonsprogrammet i 7. klassetrinn, i god tid før gjennomsnittleg seksuell debut.

Om vaksinen

HPV-vaksinen blir sett i overarmen og blir gitt som to dosar med minst seks månaders intervall. Det finst fleire vaksinar mot HPV, og vernet dei gir mot kreft blir rekna som likeverdig. Vaksinen som blir brukt i det norske barnevaksinasjonsprogrammet heiter Cervarix. Vaksinar kan, som alle legemiddel, gi biverknader. Dei vanlegaste biverknadene av HPV-vaksine er hevelse og raud hud der vaksinen er sett. Det er òg rapportert om kortvarig feber, hovudverk, trøytteleik, kvalme, oppkast, diaré og magesmerter. Det er ikkje vist at HPV-vaksine er årsak til kronisk eller alvorleg sjukdom eller aukar risikoen for dette. Symptom som oppstår etter vaksinasjonen treng ikkje vere ein reaksjon på vaksinen, men kan vere teikn på sjukdom som bør behandlast. Kontakt derfor lege dersom du er bekymra. Meir informasjon om innhaldsstoff og eventuelle biverknader etter Cervarix finst på nettsidene til Direktoratet for medisinske produkt: www.legemiddelsok.no.

All vaksinasjon i barnevaksinasjonsprogrammet er frivillig. Foreldre skal leggje vekt på kva barna meiner. Les meir om vaksinen, korleis vaksinasjonen blir gjennomført og om effekten av vaksinen og eventuelle biverknader på nettsida: [Vaksine mot HPV \(humant papillomavirus\)](#)

Før vaksinasjon – hugs å informere helsesjukepleiar

Gi beskjed om barnet har immunsvikt eller bruker medisinar som påverkar immunforsvaret. Gi også beskjed om barnet har allergi eller tidlegare har hatt alvorleg allergisk reaksjon (uansett årsak). Viss barnet får allergivaksine (hyposensibilisering) eller annan vaksine mindre enn ei veke før eller etter HPV-vaksinen, gi beskjed til helsesjukepleiar.

Andre dose blir vanlegvis gitt minst seks månader etter den første dosen. Samtykket omfattar begge dosane. For vaksiner i barnevaksinasjonsprogrammet er det tilstrekkeleg med samtykke frå ein av foreldra, eller andre som har foreldreansvar ([Lov om pasient- og brukerrettigheter §4-4 - Lovdata](#)).

Helsesjukepleiar vil gi beskjed om når den andre dosen skal takas. Dersom det skulle oppstå endringar barnet si helsetilstand mellom 1. og 2. dose, gi beskjed til helsesjukepleiar.

Meir informasjon om barnevaksinasjonsprogrammet finst på nettsida: [Vaksiner til barn](#)